



Saksbehandlar: Lars Erik Lunde, Trine Lise Sagmo Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/4241-5

Budsjett 2017 / Økonomiplan 2017- 2020 Samferdsle

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutvalet for samferdsle rår til ei slik prioritering mellom programområda (i mill. kr):

| Programområde | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|--|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak | 510,413 | 544,502 | 528,631 | 463,542 |
| 730 Bilruter | 234,983 | 226,093 | 221,393 | 221,393 |
| 731 Fylkesvegferjer | 126,829 | 119,805 | 130,976 | 127,659 |
| 732 Båtruter | 92,534 | 88,834 | 86,634 | 86,634 |
| 733 Tilrettelagd transport | 10,500 | 10,500 | 10,500 | 10,500 |
| Sum | 975,259 | 989,734 | 978,134 | 909,728 |

2 Hovudutval for samferdsle rår til ei prioritering på tenestenivå for 2017 i tråd med saksutgreiinga.

3 Hovudutval for samferdsle rår til å løyve 0,675 mill. kr på teneste 4606 Diverse tilskott med følgjande fordeling:

- a) 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster
- b) 0,150 mill. kr til prosjektet sykkelsykebane i Førde

4 Søknad frå Flora kommune om midlar til bygging av ferjekai på Skorpa vert ikkje støtta.

5 Søknad frå Skipavika Næringspark AS om midlar til bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua vert ikkje støtta. Prosjektet må vurderast i samband med Regional transportplan 2018-2021.

6 Hovudutval for samferdsle legg til grunn ei fordeling av investeringsprogrammet for fylkesvegar slik det går fram i pkt. 4 i saksutgreiinga.

Vedlegg:

Brev frå Flora kommune om ferjekai på Skorpa datert 8. september 2016.

Søknad frå Flora kommune om midlar til bygging av ferjekai på Skorpa m/vedlegg datert 8. juni 2016.

Søknad frå Skipavika Næringspark AS om midlar til bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua m/vedlegg datert 4. september 2016.

Referat frå møte med Gulen kommune og Næringslivet i Skipavika 10. august 2016

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2017-2020. Følgjande sektorrammer vart vedteke:

| Økonomiske rammer | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Fellesinntekter/- utgifter - netto | -2 195,3 | -2 177,1 | -2 152,3 | -2 078,6 |
| Sektorrammer | | | | |
| Politisk styring, plan og forvaltning | 159,2 | 158,9 | 158,5 | 157,9 |
| Opplæring | 824,1 | 803,9 | 791,5 | 786,8 |
| Tannhelsetenesta | 81,5 | 76,4 | 76,4 | 76,4 |
| Nærings- og kultur | 155,2 | 148,3 | 147,9 | 147,9 |
| Samferdsle | 975,3 | 989,7 | 978,1 | 909,7 |
| Sum sektorrammer | 2 195,3 | 2 177,1 | 2 152,3 | 2 078,6 |

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanen føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Vidare er sektorrammene blitt redusert som følgje av vedtekne innsparingstiltak. Å få realisert desse føresetnadane, både på inntekts- og utgiftssida, er ei svært viktig arbeidsoppgåve framover.

Fylkestinget gjorde også i saka om økonomiplan 2017-2020 vedtak om at tiltak og tilpassingar må utgreiaast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017 viss det er naudsynt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjettet for 2017. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt ramme på ein best mogleg måte. Viss det i denne saka vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester i høve gjeldande økonomiplan må dette spesifiserast nærmere.

2. Budsjett 2017 / Økonomiplan 2018-2020

Overordna budsjettrammer

Ramma til samferdslesektoren er 975,3 mill. kr i 2017. Fylkesdirektøren har lagt til grunn innsparingar i sektoren på dei områda fylkestinget har vedteke i FT-sak 26/15 og 26/16.

På samferdslesektoren er det lagt opp til følgjande innsparingar i økonomiplanperioden.

| Utgreiling | Samferdsle | Vedtak i FT år | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|------------|-----------------------------------|----------------|-------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| #39 | Kortsiktig tiltak | V-2015 | | -45 | | | |
| | Sognebåten | V-2015 | -4,8 | -4,1 | -4,1 | -4,1 | -4,1 |
| #46 | Vinterstenging av vegar | V-2015 | | | -3 | -3 | -3 |
| #43 | Terminalar og venterom | V-2015 | | | -0,2 | -0,2 | -0,2 |
| #44 | FTU-tiltak | V-2015 | | | -2,2 | -2,2 | -2,2 |
| #40 | Ungdomstilbod | V-2015 | | | -2,3 | -2,3 | -2,3 |
| #38 | Bilruter | V-2015 | | -0,8 | -10,2 | -14,9 | -14,9 |
| #39 | Kollektiv båt | V-2015 | | | -4,5 | -6,7 | -6,7 |
| #41 | Ferjesamband | V-2015 | | | -4 | -6 | -6 |
| #45 | Driftsstandard på fylkesvegnettet | V-2016 | | | -1,8 | -6,6 | -9,1 |
| | Uspesifisert innsparingskrav | V-2016 | | | -2,2 | -7,6 | -6,9 |
| | Sum innsparingar på sektor | | -4,8 | -49,9 | -34,5 | -53,6 | -55,4 |

Oppfølging av SFJ 2019

Fylkestinget har lagt til grunn innsparingar på samferdslesektoren i 2017 på 49,9 mill. kr. Av dette er 45 mill. kr definert som kortsiktige tiltak. Innanfor kollektivområdet er det allereie starta eit arbeid for å redusere kostnadane. Det er gjort innsparingar på bil- og båtruter både i budsjett for 2015 og 2016 for å tilpasse seg eit lågare kostnadsnivå frå 2018. Innsparingane på kollektivområdet er i hovudsak knytt justeringar i ruteproduksjonen, tilpassing til minstetilbod for båt og bytte av fartøy i båtruta mellom Sogn og Bergen. Vedtekne innsparingar så langt er rekna til om lag 15 mill. kr (inkl. Sognebåten). Av dette kjem såleis omlag 10 mill. kr. til fråtrekk på det kortsiktige innsparingskravet.

Saldering av budsjettet er gjort mot drift og vedlikehald av fylkesvegar. Budsjettet til drift og vedlikehald av fylkesvegar har hatt ein auke dei siste åra. Dette skuldast «øyremerka» midlar frå staten til tunnelrehabilitering og fornying av fylkesvegnettet. Desse midlane må sjåast i samanheng med dei store kostnadane vi vil ha framover for å rehabilitera tunnelane til å støtte krava i tunneltryggingsforskrifta.

Fordeling av midlar på tenestenivå

I det følgjande er det synt framlegg til prioritering av samferdsleramma på dei ulike tenestene. I tabellane syner kollonne B-2016 dei tala som er lagt til grunn i tilråding til i 2. Tertiアルrapport for 2016.

Programområde 460 Tenester utanom ordinært fylkeskommunalt avsvarsområde

Teneste 4606 Diverse tilskott

Fylkesdirektøren tilrår ei løyving på 0,675 mill. kr. Løyvinga skal dekkje følgjande tiltak:

- 0,525 mill. kr i tilskott til Fjellvegen mellom Årdal og Luster, jf. avtale med AL Fjellvegen Årdal – Luster. Det er lagt opp til å vidareføre løyvinga med likt kronebeløp slik som tidlegare år.
- 0,150 mill. kr til prosjektet med sykkelby i Førde. Løyvinga dekkjer fylkeskommunen sitt bidrag i prosjektet i 2017.

Programområde 722 Fylkesvegar, miljø og trafikktryggingstiltak

| Teneste | B-2016 | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 7220 Renter for vegforskotteringer | 1,750 | | | | |
| 7221 Driftsmidlar overført til investering | 11,845 | 14,000 | 14,000 | 11,100 | 11,100 |
| 7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald | 434,843 | 472,004 | 508,293 | 495,322 | 430,233 |
| 7223 Fylkesvegar - uføresette hendingar | 15,000 | 15,000 | 15,000 | 15,000 | 15,000 |
| 7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar | 1,200 | 1,200 | 1,200 | 1,200 | 1,200 |
| 7224 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane | 5,000 | 5,000 | 2,800 | 2,800 | 2,800 |
| 7229 Fv., miljø og trafikktiltak - adm. | 3,209 | 3,209 | 3,209 | 3,209 | 3,209 |
| Sum | 472,847 | 510,413 | 544,502 | 528,631 | 463,542 |

Teneste 7220 Renter for vegforskotteringer

Ophaveleg løyving i 2017 på 1,750 mill. kr i kompensasjon til Luster kommune i samband med forskottering av løyving til Gullringen-tunnelen er føreslege trekt inn. Dette er grunna i at det er lagt opp til å tilbakebetale heile forskotteringssummen i løpet av 2016. Det vert såleis ikkje løyving på posten i 2017.

Teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering

Det er sett av 14 mill. kr på denne posten i 2017, jf. investeringsprogram for fylkesveg.

Teneste 7222 Fylkesvegar - drift og vedlikehald

Fylkesdirektøren tilrår ei løyving på 472 mill. kr knytt til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fylkesdirektøren legg førebels opp til at midlane vert fordelt slik:

| Tiltak | Beløp i mill. kr |
|---|------------------|
| Drift | 225,600 |
| Driftskontraktar (driftskontrakt, elektrokontrakt, refusjon kommunar, generell drift) | 218,200 |
| Andre faste driftsutgifter (straum, tilskot veglys og andre bundne kostnader) | 7,400 |
| Vedlikehald | 356,404 |
| Høyangertunnelen | 36,745 |
| Tunnel | 100,155 |
| Bru/ferjekai – drift og vedlikehald | 46,800 |
| Dekkelegging/forsterking/vegmerking | 95,704 |
| Vegutstyr, miljø og andre tiltak (rekkerverk, murar, grøfting reparasjon m.m.) | 77,000 |
| Brutto drift og vedlikehald | 582,004 |
| Føresett mva. refusjon | 110,000 |
| Netto drift og vedlikehald | 472,004 |

Den endelige fordelinga av midlane til drift og vedlikehald vert gjort i samband med utarbeiding av leveranseavtalen for 2017 mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen.

I driftskontraktane ligg det inne ein del tingingsarbeid som ikkje er bundne midlar. Binding på driftskontraktane er omlag 160 mill. kr. Det ligg likevel inne planlagt nødvendig arbeid som skal dekkjast over driftskontraktane m.a. tiltak etter flaumen i oktober 2014.

På vedlikehaldsområdet ligg det konkrete bindingar knytt til fv. 55 Høyangertunnelen på 37 mill. kr. Løyvinga til tunnelvedlikehald er nødvendig for gjennomføring av plan for tunnelrehabilitering. Det er også lagt opp til å gjennomføre tiltak på fleire bruer i 2017, m.a. fv. 542 Oststrupen bru.

Handlingsrommet for endringar innanfor budsjetten til drift og vedlikehald er på vedlikehaldsbudsjetten og då hovudsakleg innanfor postane til dekkelegging og vegutstyr, miljø og andre tiltak.

Teneste 7223 Fylkesvegar – uføresette hendingar

Det vert sett av 15 mill. kr til å møte uføresette hendingar på fylkesvegnettet.

Teneste 7224 FTU - administrasjon og tiltaksmidlar

Rammene til trafikktryggingsarbeidet vert vidareført med 1,2 mill. kr.

Teneste 7224 FTU - trafikktryggingstiltak i kommunane

Rammene til trafikktryggingstiltak i kommunane vert vidareført med 5 mill. kr. I tråd med vedtak i FT-sak 26/15 er det lagt inn ein reduksjon i rammene på 2,2 mill. kr frå 2018.

Teneste 7229 Fv. , miljø og trafikktiltak - adm.

Det er sett av 3,2 mill. kr til lønns- og administrasjonskostnader på fylkesvegområdet.

Programområde 730 Bilruter

| Teneste | B-2016 | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|---|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 7300 Buss - kjøp av teneste | 188,550 | 194,700 | 197,810 | 193,110 | 193,110 |
| 7301 Buss - skuleskyss u.transp./div. grunnskulen | 25,930 | 6,900 | 0,500 | 0,500 | 0,500 |
| 7302 Buss - skuleskyss vidaregåande skule | 16,600 | 5,000 | 1,400 | 1,400 | 1,400 |
| 7303 Ungdomstilbod | 4,800 | 3,500 | 1,700 | 1,700 | 1,700 |
| 7306 Diverse kollektiv | 9,116 | 14,300 | 14,100 | 14,100 | 14,100 |
| 7309 Bilruter - kontorbudsjet | 10,583 | 10,583 | 10,583 | 10,583 | 10,583 |
| Sum | 255,579 | 234,983 | 226,093 | 221,393 | 221,393 |

Teneste 7300 Buss – Kjøp av teneste

Det fylkeskommunale kjøpet av busstenester skjer delvis gjennom avtalar med busselskapa og delvis gjennom anbodskontraktar. Ruteområdet som omfattar sju kommunar i indre Sogn går over frå avtale med busselskapet til anbodskontrakt frå og med 19. juni 2017. Etter dette er alle dei fylkeskommunale rutene i Sogn og Fjordane anbodsutsett.

Fylkeskommunen skal kjøpe tenester frå selskapa for 194,7 mill. kr. I denne summen inngår fylkeskommunale bussruter inkl. det meste av skuleskyss til grunnskule og vidaregåande skule, og tilskot til skuleskyssen mellom Aurland og Sogndal.

For 2017 blir det i hovudsak lagt opp til ei vidareføring av dagens rutetilbod.

Teneste 7301 Buss – Skuleskyss Undertransportørar/ div.grunnskulen

Noko av skuleskyssen i fylket vert køyrd av undertransportørar. For avtalen som omfattar kommunane i indre Sogn første halvår, er kostnaden til undertransport skilt ut og budsjettert på denne tenesta. Det er sett av 6,4 mill. kr til dette i 2017.

I tenesta er det også budsjettert 0,5 mill. kr. til mellombels skyss ved skade/sjukdom. Undertransport i bussanboda er budsjettert på teneste 7300.

Teneste 7302 Buss – Skuleskyss vidaregåande skule

For 2017 er det sett av 3,9 mill. kr til busstransport for elevar i vidaregåande skule. Fram til anbodsoppstart 19. juni 2017 er kostnaden til skyss for vidaregåande elevar i Sogn skilt ut og budsjettert på denne tenesta. Etter dette er skuleskyss vidaregåande skule i fylket inkludert i bussanboda og budsjettert på teneste 7300.

I tillegg kjem diverse skyss, m.a. skyss ved skade/sjukdom, privat skyss, skyss i andre fylke og utplassering. Det er sett av 1,1 mill. kr til dette i 2017.

Teneste 7303 Ungdomstilbod

Ungdomskort

Ungdomskortet bidreg til at ungdommar innarbeider gode vanar med å reise kollektivt, og fylkeskommunen vurderer derfor tiltaket som positivt. Ungdomskortet gjev ungdom mellom 16 og 19 år rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane og kostar i 2016 390 kr pr. månad.

Det er sett av totalt 2,4 mill. kr til ungdomskort i 2017, fordelt med 1,0 mill. kr på buss og 1,4 mill. kr på teneste 7323 Båt – diverse. Budsjettet kostnad til ungdomskort på buss er kraftig redusert i løpet av dei siste åra. Dette skuldast i stor grad at inntektsbortfallet som busselskapa har fått kompensert for i dei gamle avtalane inngår i billettinntektena som fylkeskommunen overtar ansvaret for etter innføring av bussanbod. Redusjonen i kostnad til ungdomskort buss på denne tenesta har difor ein motpost i lågare billettinntekter i bussanboda. I tillegg har bruken av ungdomskort gått nedover dei siste åra.

«Trygt heim for ein 50-lapp»

«Trygt heim for ein 50-lapp» er eit tilbod om skyss heim natt til søndag. Det er budsjettert med 1,5 mill. kr til dette i 2017.

Lokale transporttilbod for ungdom (LTU)

Kommunane kan søke om midlar til fleksible skyssløysingar til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveldstid. Målgruppa er ungdom mellom 13 og 19 år. I 2016 var det 16 kommunar som sökte og fekk midlar. Det er sett av 1,0 mill. kr til dette tilbodet i 2017.

Teneste 7306 Diverse kollektiv

Ruteinformasjon/marknadsføring

Ein konsekvens av anbodsutsetjinga på buss og båt er at fylkeskommunen overtek inntektsansvaret og dermed òg ansvar for marknadsføring av kollektivtilbodet. Det er sett av 2,5 mill. kr til marknads- og informasjonsaktivitetar.

Drift av Ruteopplysningsa 177 har ein samla kostnad på 0,7 mill. kr.

Passasjerterminalar

Tenesta omfattar leigekostnad til terminalar/venterom i fylket. Det er sett av 5,7 mill. kr til føremålet.

Elektronisk billettering

Det er sett av 3,5 mill. kr til kostnader til leige av betalingsterminalar og drift av billettsystemet.

Diverse

Fylkeskommunen har avtale om at kommersielle ekspressbussruter skal nytte fylkeskommunale takstar og tilby plassgaranti på reiser innanfor fylket. Selskapa får ein delvis kostnadskompensasjon og dette har ein forventa kostnad på totalt 1,0 mill. kr i 2017. Det er sett av 0,9 mill. kr. til uføresette kostnader.

Teneste 7309 Bilruter - kontorbudsjet

Løyvinga på 10,6 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til bilruter.

Programområde 731 Fylkesvegferjer

| Teneste | B-2016 | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|----------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| 7310 Fylkesvegferjer | 111,465 | 126,829 | 119,805 | 130,976 | 127,659 |
| Sum | 111,465 | 126,829 | 119,805 | 130,976 | 127,659 |

Det er sett av 126,8 mill. kr til drift av fylkesvegferjer i 2017. I tråd med FT-sak 26/15 er det lagt inn ein reduksjon i rammene på 4 mill. kr i 2018 og 6 mill. kr frå 2019.

Programområde 732 Båtruter

| Teneste | B-2016 | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|--|----------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 7321 Båt - skuleskyss/veglause grender | 4,831 | 5,000 | 5,000 | 5,000 | 5,000 |
| 7322 Båt - ekspress- og lokalruter | 96,114 | 81,120 | 77,420 | 75,220 | 75,220 |
| 7323 Båt - diverse | 4,700 | 4,900 | 4,900 | 4,900 | 4,900 |
| 7329 Båtruter - administrasjon | 1,514 | 1,514 | 1,514 | 1,514 | 1,514 |
| Sum | 107,159 | 92,534 | 88,834 | 86,634 | 86,634 |

Teneste 7321 Båt - Skuleskyss/veglause grender

I denne tenesta ligg mindre, lokale avtalar om båttransport. Fleire av desse har relativt kort tidshorisont og vert justerte etter behov. Dei kommunale rutene i Luster og Selje ligg òg på denne posten.

Det er budsjettert med 5,0 mill. kr til dette i 2017.

Teneste 7322 Båt - Ekspress- og lokalruter

Dei fire store anbodskontraktane på båt er budsjettert på denne tenesta. Dette omfattar Norled si avtale om ekspressbåtruter til og frå Bergen og Fjord1 sine lokalbåtvartaler i indre Sogn, ytre Sogn og Florabassenget inkl. Kystvegekspressen og lokalbåt i Vågsøy.

For 2017 er det lagt opp til ei vidareføring av dagens nivå. Det er sett av 81,1 mill. kr til ekspress- og lokalbåtruter i 2017.

Teneste 7323 Båt - Diverse*Godsruta*

Det er sett av 3,4 mill. kr til godsbåtrute frå Bergen til Solund og Askvoll.

Diverse

Det er sett av 1,4 mill. kr til ungdomskort på båt i 2017. I tillegg er det sett av 0,1 mill. kr til driftsutgifter til elektronisk billettering på båt.

Teneste 7329 Båtruter - administrasjon

Løyvinga på 1,5 mill. kr dekkjer løns- og administrasjonskostnader knytt til båtruter.

Programområde 733 Tilrettelagt transport

| Teneste | B-2016 | B-2017 | B-2018 | B-2019 | B-2020 |
|-----------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| 7331 Tilrettelagd transport | 10,299 | 10,500 | 10,500 | 10,500 | 10,500 |
| Sum | 10,299 | 10,500 | 10,500 | 10,500 | 10,500 |

Teneste 7331 Tilrettelagt transport*Tilrettelagt transport*

Det er sett av 6,0 mill. kr til ordninga med tilrettelagt transport.

Fylkeskommunen samarbeider med alle kommunane i fylket, og kommunane får tildelt midlar etter folketal.

Serviceskyss

Pr. i dag har 19 kommunar tilbod om serviceskyss, der kvar kommune har utarbeidd tilbod for sin kommune.

Det er sett av 4,3 mill. kr til Serviceskyss i 2017. Tilbodet vert vidareført om lag på same nivå som i 2016.

Det er budsjettet med 0,2 mill. kr for å dekkje løns- og administrasjonskostnader knytt til tilrettelagt transport.

3. Andre saker

Søknad frå Flora kommune om midlar til bygging av ferjekai på Skorpa

Flora kommune har i brev datert 8.6.2016 og 8.9.2016 søkt fylkeskommunen om inntil 3 mill. kr til utbygging av ferjekai på Skorpa. Søknadane er vedlagt.

Prosjektet er kostnadsbereken til omlag 5,5 mill. kr. I grunngjevinga for søknaden er det sagt følgjande «*Skorpa er ein av øyane i Flora Kommune som har både fastbuande og næringsdrivande, og den siste av øyane i kommunen med bilveg, men utan ferjekai. Det er i dag fylkesvegstreking på øya. Etter nye sertifiseringskrav til båtmateriale er det i dag ikkje anledning å heise biler på land slik det tidligare har vore, og Skorpa er då utan mulighet til å ta ut biler på øya».*

Fylkeskommunen gav tilskot til Flora kommune til bygging av ferjekai/ferjeletem på fleire kaier i Florabassengen i 2005 og 2006. Kommunen la då til grunn at det ikkje skulle byggast ferjeletem på kaien på Skorpa. Fylkessdirektøren merkar seg at kommunen legg opp til at fylkeskommunen no skal finansiere over halvparten av kostnaden med ferjeletem.

Fylkessdirektøren finn ikkje rom for å gje tilskot til prosjektet innanfor ramma i budsjettet for 2017, og tilrår difor at det ikkje vert løyvd midlar no.

Søknad frå Skipavika Næringspark AS om midlar til bygging av ny veg frå Skipavika til Brandangersundbrua

Skipavika næringspark har i brev datert 4.9.2016 søkt fylkeskommunen om 6 mill. kr knytt til bygging av ny veg til frå Skipavika til Brandangersundbrua. Søknaden er vedlagt. Det har også vore eit møte med Gulen kommune, næringslivet i Skipavika og fylkeskommunen om saka den 10. august i år. Referatet frå møte er vedlagt saka.

Skipavika næringspark har vore i kontakt med Magne Hope as og fått tilbod om fastpris på bygging av ny veg på 18 mill. kr (ekskl. mva). Det er føreslege finansiering med 6 mill. kr kvar frå fylkeskommunen, Gulen kommune og Skipavika næringspark.

Det er lagt opp til at vegen blir bygd av Skipavika næringspark og overlevert fylkeskommunen. Skipavika næringspark har ikkje moglegheit for mva-refusjon og stiller spørsmål om det finst modellar for å løyse dette.

Fylkessdirektøren ser ikkje moglegheiter for mva-refusjon utan at tiltaket vert bygd av fylkeskommunen som eit ordinært investeringsprosjekt. Fylkeskommunen har ikkje anledning til å gå inn i eit pristilbod frå Magne Hope AS. Fylkeskommunale vegprosjekt må lysast på anbod på ordinær måte gjennom Statens vegvesen, jf. lov om offentleg kjøp.

Fylkessdirektøren er også usikker på om ei slik støtte som er skissert i søknaden vil vera i tråd med statsstøtteregelverket. Dette har vi førebels ikkje hatt høve til å sjekke. Vi vil ev. kome attende til dette i møtet.

Dagens fylkesveg og ferjekai er vedteken nedklassifisert til kommunal veg i samband med bygging av ny veg og bru frå Sløvåg til Ånneland i 2010. For å gjennomføre omklassifiseringa var det føresett å nytte om lag 3 mill. kr til mellom anna dekkelegging av vegen. Dette arbeidet vart stansa i 2015 i påvente av avklaring kring ønskje om ny veg. Etter at ferjekaia var vedteken nedklassifisert har det blitt etablert stor aktivitet i tilknyting til det tidlegare ferjekaiområdet, noko som er bakgrunnen for ønskje om ny veg.

Skipavika næringspark har lagt opp til at fylkeskommunen skal overta eigarskap til den nye vegen. Dersom kommunen eller Skipavika næringspark bygger ny veg til Skipavika som dei ønskjer fylkeskommunen skal overta, må omklassifiseringa handsamast som eiga sak. Fylkesdirektøren vil peike på at det er ein føresetnad for slik overføring at vegen tilfredsstiller tekniske krav som blir stilt til fylkesveganlegg.

Fylkesdirektøren tilrår ut frå dette at prosjektet vert vurdert som eit ordinært investeringsprosjekt i samband med arbeidet med Regional transportplan 2018-2021. Det vil vere mogleg for Skipavika Næringspark og Gulen kommune å bidra med delfinansiering for å realisere prosjektet som eit fylkeskommunalt investeringsprosjekt.

Bussanbod Sogn

Bussanboden som omfattar sju kommunar i Sogn vart tildelt i april 2016. Den nye kontrakten har oppstart 19. juni 2017.

Når vi skal samanlikne prisnivået i anbod med nivået i tidlegare avtalar er det fleire faktorar som påverkar. Det er lagt vekt på å etablere føreseielege rammer for operatør. All ruteproduksjon er organisert på nytt, noko som har gitt ein meir rasjonell produksjon. Samferdsleavdelinga har lagt ned mykje ressursar i dette arbeidet. I anbodskontraktane vert det berre betalt for sjølve ruteproduksjonen, og ikkje posisjonskjøring til og frå der ruta startar og stoppar. Ansvar for undertransport er flytta over til operatør i anboda. Dette vil vere med på å senke kostnaden då operatør kan velje å utføre oppdraget sjølv.

Ein del fylkesoverskridande ruter har blitt kommersielle i løpet av 2016, og kostnader og inntekter knytt til desse er trekt ut.

Marknadssituasjonen vil òg vere med på å definere prisnivået. Timing i høve andre anbodskonkurransar og i høve avtale-portefølje for dei ulike selskapa kan ha innverknad på prisen.

I tillegg har vi ein situasjon med svært lågt nivå på både drivstoffprisar og kapitalkostnader. Dette blir regulert i løpet av kontraktsperioden slik at ein auke i desse faktorane vil gje auka utbetaling til operatør.

Innsparinga på bussanbod samanlikna med tidlegare avtale er estimert til om lag 6 mill. kr per år gitt dagens prissituasjon.

4. Investeringsprogram for fylkesvegar 2017-2020

Ordinært investeringsprogram for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan

Den vedtekne investeringsramma i økonomiplanperioden har investeringsprogrammet 2016-2019 som utgangspunkt. Fylkesdirektøren vil minne om at løyvingsnivået i siste del av planperioden må sjåast i samanheng med arbeidet med Regional transportplan (RTP) 2018-27, og at investeringsrammene vil bli vurdert nærmare når vi er kome lengre i RTP-arbeidet.

Fylkesdirektøren vil no presentere eit oppdatert investeringsprogram og kommentere nokre naudsynte endringar i investeringsprogrammet.

Store prosjekt:

Grunna endringar i framdrift er det i 2017 lagt inn ei løyving på 2 mill. kr til fv. 609 Dalsfjordsambandet og løyvinga til fv. 60 Ugle – Skarstein er auka med 5 mill. kr til 149 mill. kr.

Førdepakken:

Fylkeskommunen sine prosjekt i Førdepakken er no lagt inn med ei løyving på 17,7 mill. kr i 2017. Prosjekta skal finansierast med bompengar og mva. refusjon.

Vi har førebels ikkje opplysningar om prosjektkostnadane for åra 2018-2020. Løyvinga frå 2018 svarar til fylkeskommunen sin delfinansiering med ei årleg løyving på 27 mill. kr i 6 år frå 2018-2023.

Mindre utbetringer:

Løyvinga til fv. 31 Daløy ferjekai er justert noko ned i tråd med endra prognose for prosjektet. Det vert no lagt inn ei løyving på 4,3 mill. kr i 2017.

I 2019 var det sett av 3,3 mill. kr til ny brøytestasjon på fv. 50. Statens vegvesen har gjort ei ny vurdering av prosjektet og har konkludert med at det ikkje lenger er behov for planlagt løysing. Prosjektet vert difor teke ut av investeringsprogrammet. Løyvinga vert flytta til «ufordelt – mindre utbetringer».

I 2017 var det sett av 38 mill. kr til «ufordelt – mindre utbetringer». Det vert no lagt opp til å nytte 31,2 mill. kr på fire nye prosjekt i 2017. Dette er mindre utbetringer som Statens vegvesen kan gjennomføre i løpet av 2017. Tiltaka er prioritert i marginallista i Regional transportplan. Den resterande løyvinga vert tilrådd fordelt til grunneverv og til planlegging og prosjektering, jf. omtale nedanfor.

Planlegging og prosjektering:

Løyvinga vert tilrådd auka med 3 mill. kr til 3,8 mill. kr i 2017. Det er fleire planleggingsprosjekt som er starta opp og som har behov for planmidlar i 2017. Det er også nødvendig med noko prosjektering i 2017 for å kunne nytte løyvinga «ufordelte – mindre utbetringer» i åra 2018-2020 på til saman 10,6 mill. kr.

Det er vidare lagt opp til å inngå avtale med Årdal kommune om finansiering av reguleringsplan for fv. 53 ved Holsbrutunnelen. Kommunen har sagt seg villig til å finansiere dette planarbeidet med 0,5 mill. kr.

Grunneverv m.m. for avslutta prosjekt:

Retningslinjer for byggerekneskap på investeringsprosjekt i Sogn og Fjordane fylkeskommune vart vedteke av fylkesutvalet i FU-sak 38/15. I retningslinjene står følgjande:

Etter at byggerekneskapet er avslutta kan det påløpe utgifter som hører til prosjektet.

Døme på dette er:

- grunneverv (spes. veginvesteringar)
- kostnader i løpet av garantitida
- andre uavklarte problemstillingar/saker

Slike kostnader må budsjetterast i eigne prosjekt i investeringsprogrammet.

Fylkesdirektøren tilrår å legge inn ei løyving på 6 mill. kr i eit prosjekt kalla «grunneverv m.m for avslutta prosjekt» i 2017. Men denne løyvinga vil vi no kunne avslutta investeringsprosjekt på eit tidlegare tidspunkt. Ev. unytta løyving i 2017 vert tilrådd overført til 2018. Prosjekta fv. 60 Olden - Innvik (Agjeld – Ugle) og fv. 545 Kinnvegen er aktuelle prosjekt som kan avsluttast med føresetnad om å få dekka ev. meirkostandar frå denne løyvinga.

| INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr) | SUM I PERIODEN | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|----------------|----------------|----------------|---------------|---------------|
| Store prosjekt | 328,100 | 168,700 | 105,400 | 27,000 | 27,000 |
| Fv. 60 Olden - Innvik, parsell Ugle- Skarstein | 190,400 | 149,000 | 41,400 | | |
| Avviksfond Ugle - Skarstein | 37,000 | | 37,000 | | |
| Førdepakken | 98,700 | 17,700 | 27,000 | 27,000 | 27,000 |
| Fv. 609 Dalsfjordsambandet (sluttføring) | 2,000 | 2,000 | | | |
| Mindre utbetringer | 46,100 | 35,500 | 4,000 | 3,300 | 3,300 |
| Fv. 31 Daløy ferjekai - utbetring | 4,300 | 4,300 | | | |
| Fv. 53 Ny brøytestasjon Holsbru | 5,000 | 5,000 | | | |
| Fv. 121 Vange bru - Seljestokken | 5,000 | 5,000 | | | |
| Fv. 614/fv. 577 Myklebust | 12,900 | 12,900 | | | |
| Fv. 622 Nordfjordeid - Torheim, Hundeidbrua | 8,300 | 8,300 | | | |
| Ufordelt - mindre utbetringer | 10,600 | | 4,000 | 3,300 | 3,300 |
| Gang- og sykkelveg | 5,200 | 1,300 | 1,300 | 1,300 | 1,300 |
| Fv. 546 Brandsøyvegen | 5,200 | 1,300 | 1,300 | 1,300 | 1,300 |
| Trafikktryggingstiltak | 32,800 | 8,200 | 8,200 | 8,200 | 8,200 |
| Planlegging og prosjektering | 6,200 | 3,800 | 0,800 | 0,800 | 0,800 |

| | | | | | |
|--|---------------------------|----------------|----------------|---------------|---------------|
| Grunnerverv m.m for avslutta prosjekt | 6,000 | 6,000 | | | |
| SUM INVESTERING | 424,400 | 223,500 | 119,700 | 40,600 | 40,600 |
| FINANSIERINGPROGRAM | SUM I PERIODEN | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
| Mva-kompensasjon | 55,600 | 35,000 | 15,600 | 2,500 | 2,500 |
| Driftsmidlar | 50,200 | 14,000 | 14,000 | 11,100 | 11,100 |
| Div ubundne fond | 21,900 | 21,900 | | | |
| Andre tilskot | 0,500 | 0,500 | | | |
| Lånemidlar | 197,500 | 134,400 | 63,100 | | |
| Førdepakken - Bompengar | 14,200 | 14,200 | | | |
| Førdepakken – mva.-kompensasjon | 3,500 | 3,500 | | | |
| Førdepakken - lånemidlar | 81,000 | | 27,000 | 27,000 | 27,000 |
| SUM FINANSIERING | 424,400 | 223,500 | 119,700 | 40,600 | 40,600 |

Investeringsprogram for skredsikring med tilhøyrande finansieringsplan

Det er staten sin handlingsplan for skredsikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlege tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden vil vi truleg få ei ramme på om lag 125 mill. kr i 2017. Den samla ramma vil bli fastsett i samband med statsbudsjettet og fylkesfordelinga vil normalt bli bestemt tidleg i 2017. Løyvinga til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingsplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

Fylkesdirektøren vil no presentere eit oppdatert investeringsprogram og kommentere nokre naudsynte endringar i investeringsprogrammet.

Det vert lagt inn ei løyving på 8,5 mill. kr til fv. 337 Bjødnabakken i 2017 i tråd med endra prognose på prosjektet.

Fv. 633 Tunnel Kleiva – det vert lagt inn ei løyving på 60 mill. kr i 2017 og 11 mill. kr i 2018. Statens vegvesen har førebels rekna kostnadane med kort tunnel til å vere om lag 70-100 mill. kr, jf. FT-sak 52/15 Sikring av fv. 633 ved Kleiva. Vi har pr. i dag ikkje nye tal på dette prosjektet.

Det er sett av til saman 28,8 mill. kr til fem mindre skredsikringstiltak. Prosjektet fv. 241 Nautgrovi (12 mill. kr) er noko usikkert grunna i at løysing ikkje er endeleg avklart. Dersom det vert andre løysingar og kostnader enn føreset no vil fylkesdirektøren kome tilbake til dette. Ramma til mindre skredsikringstiltak er såleis noko høgare enn det som er lagt til grunn i gjeldande Regional transportplan (10 mill. kr årleg). Dette er grunna i at det er ønskjeleg å unngå for stort mindreforbruk i 2017 på skredsikring.

Det er sett av 4 mill. kr til prosjektering. Av dette er 3 mill. kr løyvd til fv. 722 Flovegen. Det er venta å få godkjent reguleringsplan seinwinteren 2017. Bygging kan då gjennomførast i 2018-2020 føresett at statleg ramme til skredsikring i perioden 2018-2021 finansierer prosjektet.

Ut frå dette vil vi i 2017 ha om lag 49 mill. kr til disposisjon. Fylkesdirektøren legg til grunn at dette kan vere ein buffer i høve ev. høgare kostnader til prosjektet fv. 633 Tunnel Kleiva. Eit anna alternativ er at midlane vert overført til 2018 og sett i samanheng med oppstart av fv. 722 Flovegen.

| INVESTERINGSPROGRAM (faste 2016-kr) | SUM I PERIODEN | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|--|-----------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|
| Fv. 337 Bjødnabakken | 8,500 | 8,500 | | | |
| Fv. 633 Kleiva - tunnel | 71,000 | 60,000 | 11,000 | | |
| Fv. 242 Skjerdalsberget | 5,000 | 5,000 | | | |
| Fv. 53 Eldegardsbergi | 7,000 | 7,000 | | | |
| Fv. 615 Reddasvora (Bukollesvora) | 2,000 | 2,000 | | | |
| Fv. 241 Nautgrov | 12,000 | 12,000 | | | |
| Fv. 609 Sikring Eikeneskrysset | 2,800 | 2,800 | | | |
| Fv. 722 Flovegen - prosjektering | 3,000 | 3,000 | | | |
| Prosjektering mindre rassikringstiltak | 1,000 | 1,000 | | | |
| Mindre skredsikringstiltak - utfordelt | 30,000 | | 10,000 | 10,000 | 10,000 |
| Til disposisjon | 49,000 | 49,000 | | | |
| SUM INVESTERING | 191,300 | 150,300 | 21,000 | 10,000 | 10,000 |

| FINANSIERINGSPROGRAM | SUM I PERIODEN | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 |
|-----------------------------|-----------------------|----------------|---------------|---------------|---------------|
| Mva-kompensasjon | 33,100 | 25,300 | 4,000 | 1,900 | 1,900 |
| Statleg tilskot | 158,200 | 125,000 | 17,000 | 8,100 | 8,100 |
| SUM FINANSIERING | 191,300 | 150,300 | 21,000 | 10,000 | 10,000 |

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere prioriteringar på samferdslebudsjettet og investeringsbudsjetten slik det går fram av saksutgreiinga.